

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	Tysdag 14.11.23 SU kl. 18:00-20:00	Stad:	Landro skule
------------	---	-------	---------------------

Desse var kalla inn:

Anette Johansen Arslan	Foreldrerådet, leiar FAU
Christoffer Theodorsen	Foreldrerådet, nestleiar FAU
Beate Heggernes	Undervisningspersonalet
Ingvild Langeland Tellnes	Undervisningspersonalet
Monica H. Sæle	Andre tilsette
Hege Misje	Kommunal representant, politisk
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor

Sak nr.	
---------	--

1-23/24	Konstituering av SU og møteplan 2023-2024: Leiar: Beate Heggernes Nestleiar: Anette Johansen Arslan Vi gjennomfører SU/SMU-møta tysdagar klokka 18:00-20:00 etter denne planen: <ul style="list-style-type: none">• 14.11.23 SU-møte• 23.01.24 SMU/SU-møte• 12.03.24 SU-møte• 23.04.24 SMU/SU-møte Annakvart møte blir ein kombinasjon av møte i skulemiljøutvalet og samarbeidsutvalet. Rektor sender innkalling til møtedeltakarane.
2-23/24	Saker frå FAU: <ul style="list-style-type: none">• Fotografering: Spørsmål frå FAU om det kan vere aktuelt å ha fotografering for fleire trinn enn 1. og 7. trinn? Saka kom inn som ynskje frå nokre føresette. Vi drøfta dette, og eit samla SU var

	<p>samde i at vi held fram med fotografering for 1. og 7. trinn. Her er fleire moment som gjer at vi ikkje ynskjer utviding. Hovudargumentet er at det er tøffe økonomiske tider, og vi skal ikkje utsetje føresette for kjøpepress. Skulen skal fremje gratisskuleprinsippet. Samtykke og personvern vart også drøfta i denne samanheng.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Referat frå FAU og SU i Transponder: FAU stiller spørsmål om referata frå FAU og SU-møter kan delast i Transponder? Ja, referata blir frå no av delt med føresette i Transponder. Dei blir også lagt ut på skulen si heimeside. • Gaming kveld: Spørsmål frå FAU om kva skulen tenkjer om gaming kveld? Skulen er positiv til at det blir arrangert ulike arrangement for elevane våre i regi av FAU. IT-avdelinga i kommunen kan vere til hjelp vedrørande dei beste løysingane for god nettilgang. Skulen og SU er opptekne av at arrangementa må gjennomførast på ein trygg og god måte for elevane. I vidare arbeid med dette må det tenkjast på aldersgrenser, kva aldersblanding som vil fungere, god kontroll på rigging/fasilitering, og kva spel som blir nytta. • Støtte til elevrådet frå FAU: FAU har dei siste åra støtta elevrådet/skulen med eit beløp til innkjøp av utstyr til friminutta. Beløpet har variert, nokre år har det vore på 8000,- FAU ynskjer at Elevrådet kjem med søknad om kva dei treng/ynskjer seg. • Lysfest: I FAU-møte vil ein drøfte om det er stemning for å arrangere lysfest for elevar og føresette over jul. Ved bruk av faklar må det vere vaksne som har ansvar for dei. • Inntekter til FAU: Det vart drøfta om loddbooker kan vere aktuell inntektskjelde for FAU. Her blir det litt dei same prinsippa som gjeld, som når vi drøfta fotografering. Det blir føresette og nær familie som kjøpar dei fleste lodda, så då blir det igjen eit press på økonomien. FAU vil heller fokusere på inntekter ved arrangement og eventuelle sponsorinntekter.
3-23/24	<p>Saker frå skulen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevrådet - status og aktivitetar: Det har vore gjennomført fleire møter i Elevrådet denne hausten. Elevane i Elevrådet er ein fin og engasjert gjeng. Det kjem inn mange ynskjer frå dei ulike klassane, og diskusjonane blir her ofte kva som er realistisk å få sett ut i livet. Ein del ynskjer har høg kostnad, som til dømes nye klatrestativ i skogen eller kunstgrasbane. Både skulen og FAU kan ofte møte dei på ynskjer som gjeld utstyr til friminutt og Aktiv Glede-leikar. Elevrådet vil arrangere juleturnering i kanonball, og fotballturnering til våren. Dei har også ynskje om å halde på fantasidagane. Elevrådskontakt vil saman med elevane jobba vidare med ulike aktivitetar som Elevrådet engasjere seg i. • Kapasitet i gymsalen: Gymsalen vår har kapasitet til 350 personar i høve til areal og godkjende rømingseigar. Dette er maks. kapasitet ved arrangement, og det er viktig at naudutgangar og rømingseigar alltid er frie ved større arrangement.

	<ul style="list-style-type: none"> • Juleavslutning: 1.-4. trinn vil arrangere felles juleframsyning torsdag 14.12. 5.7. trinn vil ha juleavslutning klassevis eller trinnvis. Invitasjon kjem. • Evaluering temakveld «Kan eg tole eit nei?»: Vi drøfta og evaluerte temakvelden i september. Deltakarane i SU melde positivt tilbake. Rundt 2/3 av dei føresette deltok på temakvelden. • Miljøretteleiar: Vi har over tid jobba for at stillinga som miljøretteleiar skal bli fast, noko den blir frå januar 2024. Vi treng ulike kompetansar inn i skuletilbodet vårt for å møte dei ulike elevbehova. • Kulturbilletten: kommunen har tilført skulane ressursar til kulturbillett, slik at ein busstur pr. klasse blir finansiert i løpet av skuleåret.
4-23/24	<ul style="list-style-type: none"> • Den siste tida har vi fått tydelege signal på at vi står overfor ei samfunnsutvikling, der vi blir stadig fleire eldre i kommunen og barnetala går nedover. Dette vil føre til at det blir auke i utgiftsbehov til helse, og behov for endring i struktur og reduserte utgifter til oppvekst. Vi drøfta kva konsekvensar dette vil få for skule og oppvekst? Det blir naudsynt å prioritere helse, men det er samstundes viktig med sterkt nok fokus på førebyggjande arbeid og tidleg innsats både i skule og barnehage. Manglande prioritering av tidleg innsats, kan føre til store samfunnsøkonomiske kostnader på sikt (skeivutvikling, psykisk helse).
<p><i>Referent:</i> <i>Anita Vabø</i> <i>Rektor</i></p>	